



## Årets digitale satsing

# FJORDENES TIDENDE

Det er forskjell på å ha «digital først» som eit slagord, og å leva med ei jamn digital prioritering i alle små og store avgjerder. Ein må lausriva seg frå korleis ein før har tenkt og akseptera at når noko skal løftast høgare, skal noko anna prioriterast ned.

Ein må bruka mindre tid på ei kostnadskrevjande, tidkrevjande og ressurskrevjande papiravis.

Ein må læra seg lyd og video, og testa nye format, samtidig som ein jaktar same kvalitet som på papiret.

Synsing må erstattast av analyse og tal, og ein må lytta – og følgja råda tala gir.

Og ein kan med fordel søka samarbeid både med konkurrentar og med lokale krefter.

Alt dette har Fjordenes Tidende gjort i det dei sjølv kallar eit digitalt sprang. Satsinga har gitt resultat: 24 prosent fleire digitale abonnentar og over 40 prosent auke i digitale sidevisningar.

At dei kreative og underhaldande prosjekta «Måløy maskedrama» og «Vi berre spør» kjem i tillegg til auka opningstid og eit auka digitalt nyhendetilbod er imponerande.

Juryen, Hamar 16. mars 2024

*Eirin Larsen*

*Nicolai Delebekk*

*Henrik B. Vold*